



Kulturdepartementet
Postboks 8030 DEP

0030 OSLO

Innspel scenekunststrategi 2019 - Sogn og Fjordane fylkeskommune

Vi viser til dykkar invitasjon om å kome med innspel til scenekunststrategi.

Sogn og Fjordane fylkeskommune sin uttale vart handsama i Fylkesutvalet 09.05.19 i sak 40/19, med dette vedtaket:.

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på ein strategisk gjennomgang av scenekunstfeltet. Vi føreset at ein slik gjennomgang vil bidra til å styrke og utvikle lokale, regionale og nasjonale scenekunstsatsingar i heile landet.

2. Det er eit nasjonalt ansvar å sørge for språkleg mangfald. Vi ser fram til strukturar, ordningar og tiltak som sikrar og utviklar nynorskspråklege scenekunstsatsingar.

3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil peike på at ei mogleg etablering av Nynorskhuset i Førde som eit media- og teaterhus også vil kunne romme nye satsingar. Sogn og Fjordane teater si langvarige satsing på ny nynorsk dramatikk kan her utviklast vidare som ei regional og nasjonal satsing.

4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel elles går fram av vedlagte notat/innspel.

Vedlagt ligg saksprotokoll, saksframlegg og eit notat med konkrete innspel.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Assisterande fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 08.05.2019

Sak nr.: 19/4139-4

Internt l.nr. 25665/19

Sak: 40/19

Tittel: Scenekunststrategi 2019 - innspel

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på ein strategisk gjennomgang av scenekunstfeltet. Vi føreset at ein slik gjennomgang vil bidra til å styrke og utvikle lokale, regionale og nasjonale scenekunstsatsingar i heile landet.
2. Det er eit nasjonalt ansvar å sørge for språkleg mangfald. Vi ser fram til strukturar, ordningar og tiltak som sikrar og utviklar nynorskspråklege scenekunstsatsingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil peike på at ei mogleg etablering av Nynorskhuset i Førde som eit media- og teaterhus også vil kunne romme nye satsingar. Sogn og Fjordane teater si langvarige satsing på ny nynorsk dramatikk kan her utviklast vidare som ei regional og nasjonal satsing.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel elles går fram av vedlagte notat/innspel.

Saksframlegg

Saksbehandlar: Sissel Lillebø Aarseth/Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
 Sak nr.: 19/4139-1

Scenekunststrategi 2019 – innspel

Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gje gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune ser positivt på ein strategisk gjennomgang av scenekunstfeltet. Vi føreset at ein slik gjennomgang vil bidra til å styrke og utvikle lokale, regionale og nasjonale scenekunstsatsingar i heile landet.
2. Det er eit nasjonalt ansvar å sørge for språkleg mangfald. Vi ser fram til strukturar, ordningar og tiltak som sikrar og utviklar nynorskspråklege scenekunstsatsingar.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune vil peike på at ei mogleg etablering av Nynorskhuset i Førde som eit media- og teaterhus også vil kunne romme nye satsingar. Sogn og Fjordane teater si langvarige satsing på ny nynorsk dramatikkk kan her utviklast vidare som ei regional og nasjonal satsing.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel elles går fram av vedlagte notat/innspel.

Vedlegg:

Innspel til scenekunststrategi 2019 – notat

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I Meld.St. 8 (2018-2019) «Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida» varslar regjeringa ein strategisk gjennomgang av scenekunstfeltet. Scenekunststrategien skal vere klår i september 2019, og er avgrensa til det profesjonelle teater- og dansefeltet. Kulturdepartementet inviterer til innspel.

Det profesjonelle scenekunstfeltet i Sogn og Fjordane omfattar Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Teaterfestivalen i Fjaler, Alda-teateret (frigruppe) og nokre enkeltstående aktørar. Førdefestivalen har også satsa noko på sceniske produksjonar, og fylkeskommunen er ein viktig formidlar av scenekunst gjennom Den kulturelle skulesekken.

Fylkesrådmannen ser dette strategiarbeidet som viktig m.a. opp mot framtida for eit aktivt scenekunstmiljø i heile landet, og med eit særleg blick på kva vi har og kva vi ønskjer å ha i Sogn og Fjordane. I tillegg kjem omsynet til Sogn og Fjordane teater, deira langvarige satsing på ny nynorskspråkleg dramatikkk, ønsket om ein plass i Nynorskhuset i Førde, og også utviklinga av funksjonen som produserande turneteater.

2. Vurderingar og konsekvensar

Scenekunstheltet i Norge har vore i god vekst og utvikling siste 15-20 åra. Ikkje uventa er veksten størst i dei største byane. Dette gjer det naudsynt å sjå på dynamikken mellom dei faste institusjonane og det frie feltet, og samspelet mellom ein stabil infrastruktur og utvikling av nye kunstnarar, nye grupperingar og nye produksjonar. Ein må også sjå korleis ein kan bruke ressursane til beste for både aktørar i scenekunstheltet og publikum.

Kulturmeldinga gir ei rekkje nasjonale kulturpolitiske mål. Tre er særleg aktuelle for scenekunstheltet:

- Å skape kunst- og kulturuttrykk av beste kvalitet
- At kulturlivet skal fremje danning og kritisk refleksjon
- At formidling av kulturuttrykk er både relevant, representativt og tilgjengeleg

Regjeringa har også eit mål om at meir av scenekunsten som vert produsert skal nå ut til fleire.

Strategien skal peike på korleis ein kan legge til rette for at ein best kan nå dei kulturpolitiske måla for scenekunstheltet, og korleis aktørane på feltet kan bidra til dette.

Kulturdepartementet har bedt om innspel på følgjande punkt:

- Kva bidreg til å fremje produksjon og formidling i scenekunstheltet
- Døme på vellukka prosjekt eller tiltak som har fremja nye samarbeid og auka vising av scenekunst
- Kva strukturelle utfordringar finst i dag på scenekunstheltet?
- Kva tiltak må til for å løyse desse utfordringane?
- Korleis ønskjer du at scenekunstheltet skal sjå ut om 5-10 år?

Fylkesrådmannen har valt å formulere utfyllande innspel i vedlagte notat/innspel. I tillegg gir fylkesrådmannen også innspel på andre punkt som kan vere relevante for vidare utvikling av scenekunstmiljøet både nasjonalt og spesielt i Sogn og Fjordane.

Scenekunstmiljøet i Sogn og Fjordane er avgrensa. Miljøet markerer seg likevel nasjonalt, og er fagleg kapable til å utvikle seg vidare dersom rammevilkåra vert lagt til rette for det. Det er særleg relevant å tenkje kreativt og nytt rundt Sogn og Fjordane teater si ev innflytting i Nynorskhuset som er under planlegging i Førde. Sjølv om strategiprosessen det her vert spelt inn til, truleg vil handle mykje om overordna strategiar og føringar, må det også vere rom for å vise til konkrete tiltak som ein slik strategi kan gi føringar for.

Kulturmeldinga legg i liten grad opp til å klargjere nye oppgåver til fylkeskommunane. Det kan sjå ut til at heller ikkje handsaminga av meldinga i Stortinget vil gi særleg mange nye oppgåver. Kulturministeren har invitert til eit orienteringsmøte om mandat og prosess for overføring av nye oppgåver frå 2021. Om, og i kva grad scenekunstheltet då vil bli omfatta, er vanskeleg å seie noko om no. Fylkesrådmannen har difor prøvt å balansere innspela slik at dei skal kunne inngå i ein nasjonal politikk/strategi som vil vere summen av statleg, fylkeskommunal og kommunal innsats på feltet.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen viser til drøfting over, og til drøftinga i vedlagte notat som Sogn og Fjordane fylkeskommune sine innspel til arbeidet med scenekunststrategi.

Notat

Innspel til scenekunststrategi 2019 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til kulturdepartementet.

Generelt:

Vårt utgangspunkt er at det skal vere tilgang på profesjonell scenekunst i heile landet. Denne skal vere relevant og opplevast som representativ for publikum. For å sikre dette treng ein infrastruktur. Den regionale verdikjeda innan feltet er liten, men fullverdig dersom ein har arenaer, sceneaktørar som skodespelarar og dansarar, dramatikarar, produserande aktørar, programmerande aktørar, kompetanse og nettverksorganisasjonar, publikum og kritikarar.

Nynorsk:

Nasjonal scenekunststrategi må også innehalde eit nynorsk språkmandat der det er gitt tilstrekkeleg med ressursar til at scenene som har mandat kan ta i vare oppdraget. Det er viktig å produsere ny nynorsk dramatikk gjennom tekst og framsyningar. Det bør vere mogleg å dyrke fram sterke dramatikarar også utanfor dei store byane. Sogn og Fjordane teater har over fleire periodar lagt stor vekt på å få fram ny nynorskspråkleg dramatikk med rot i den vestnorske kulturen. Ein nasjonal scenekunststrategi må stimulere språkleg mangfald, og legge til rette for strukturar og positive verkemiddel som sikrar dette. Ut frå eit språkpolitisk perspektiv kan dette vere ei positiv utfordring til scenekunstmiljøet i Sogn og Fjordane; t.d. knytt til Sogn og Fjordane teater og etablering av Nynorskhuset i Førde (samlokalisering av nynorskinstitusjonar). Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å stimulere til meir nynorskspråklege produksjonar for bruk i Den kulturelle skulesekken. Med base i Nynorskhuset i Førde kan det utviklast eit miljø for satsing på nynorskspråkleg dramatikk.

Tilrettelagte scenekunsttilbod:

«Kultur for alle – regional plan for kultur i Sogn og Fjordane» har som overordna m.a. at alle skal ha tilgang til kulturopplevingar av høg kvalitet. Regjeringa har som mål at meir av den scenekunsten som vert produsert, skal nå ut til fleire. Offentleg finansierte tiltak skal komme alle innbyggjarane til gode. I nokre samanhengar trengst særskilt tilrettelegging for å nå ut slik at alle grupper i samfunnet har reell tilgang til opplevingane. Det er difor viktig at scenekunststrategien også kan peike på høvelege ordningar som gjer at så vel dei etablerte institusjonane som frie grupper finn rom for å produsere og formidle høgkvalitets scenekunst til ulike grupper publikum, inkludert der det trengst særleg tilrettelegging frå tilbydaren si side.

Kva bidreg til å fremje produksjon og formidling i scenekunstfeltet?

Ein god og fullstendig infrastruktur med spelearenaer, sceneaktørar som skodespelarar og dansarar, dramatikarar, produserande aktørar, programmerande aktørar, kompetanse og nettverksorganisasjonar, publikum og kritikarar.

Stabile og føreseielege rammer med vekt på sunn drift av eksisterande scenekunstinstitusjonar og verkemiddel til opprusting av spelearenaer t.d. gjennom spelemidlar til kulturbygg er sentralt. Vidare trengst det midlar som stimulerer det frie scenekunstfeltet til å utvikle og tilby scenekunst i regionane, midlar til å utvikle ny norsk, nynorsk dramatikk, og midlar til å produsere framsyningar. Det er vidare viktig med tilgang til gode lokalar for frie grupper, produksjonslokalar og scener for framsyning.

Fagkompetanse og relevante opplæringstilbod innan alle fagfelt er også vesentlege element.

For å utvikle eit velfungerande scenekunstfelt over heile landet, trengs sterkare samhandling mellom stat og region når det kjem til prioriteringar og tilskot. Dette kan handle om samarbeid om driftstilskot, etablering av regionale fond, samarbeidsavtalar, m.m.

Nasjonale samarbeidspartar/kompetanseorganisasjonar, t.d. har Norsk Scenekunstbruk vore ein viktig samarbeidspart for DKS i Sogn og Fjordane, der fylket har fått tilgang til kvalitetssikra produksjonar, fagmiljø, refusjon ved val av produksjonar i porteføljen, nettverk, m.m.

Sogn og Fjordane teater som turneteater i 40 år har gitt mykje teater til innbygarane i fylket. Teateret har opparbeidd seg sær god kompetanse som turneteater, og ønskjer å utvide denne delen av arbeidet sitt for å kunne vise produksjonane for enno fleire når dei likevel er ute på vegen.

Etableringa av Opera Nordfjord og Teaterfestivalen i Fjaler er også gode døme på strukturar som har bidratt til produksjon og formidling på scenekunstfeltet til nye grupper publikum.

Døme på vellukka prosjekt eller tiltak som har fremja nye samarbeid og auka vising av scenekunst

Sogn og Fjordane teater sine nynorskproduksjonar til fleire og ulike geografiske områder, t.d. På Lokalet, der SoFT vitja bygdehus i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane er eitt av fleire døme på dette feltet.

Teaterfestivalen i Fjaler, initiert av scenekunstnarar, der dei programmerer og produserer innhald til festivalen er eit anna døme, saman med samarbeid med Sogn og Fjordane teater som låner ut teknisk utstyr slik at festivalen bruker ressursane sine på programmet.

Vi har også fleire døme på godt samarbeid der Sogn og Fjordane teater er sentrale medspelarar for fylkeskommunen i høve DKS-tilbod til skulane. I tillegg har Sogn og Fjordane teater vore hovudaktør og/eller viktig samarbeidspart i t.d.:

- UNG 2016. SoFT sette opp danseteater der elevar på ungdomstrinnet arbeidei ei veke med teateret sitt profesjonelle apparat av regissør, teknikk, spelestader, annonsering m.m. Framsyning mot slutten av vekene. Gjennomført på fem stader med fem ulike elevgrupper.
- SPETAKKEL – Ein DKS-festival med framsyningar på m.a. eit skipsverft
- Teater på Harastølen, Gjesmearkivet i Lærdal – gode døme på utvikling av lokale produksjonar på nye arenaer i samspel med aktørar frå det frie feltet.
- Sunniva no – Samarbeid mellom SoFT, Førdefestivalen og DKS om folkemusikk, dans og teater.
- Geitevis – samarbeid med Førdefestivalen om produksjon med støtte frå Kulturrådet

I tillegg er SEANSE – kompetanseining v/Høgskulen i Volda ein viktig instans for tilrettelegging og utvikling av produksjonar m.a. på scenekunst.

Kva strukturelle utfordringar finst i dag på scenekunstfeltet?

Det profesjonelle scenekunstmiljøet i Sogn og Fjordane omfattar Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, ei fri teatergruppe (ALDA-teateret), Teaterfestivalen i Fjaler, og nokre produsentar og dramatikarar. Miljøet markerer seg positivt i nasjonal samanheng. Ressursen gjennom dei enkelte sin kompetanse er vel brukt og etterspurt, men også sårbar sidan miljøet er lite. Ifølgje Kulturindeksen 2017 (Telemarkforskning) er kunstnartettleiken i Sogn og Fjordane 55% under landsgjennomsnittet. Strategiar og positive tiltak som kan bidra til kunstnaretablering i distrikta, ikkje minst i Sogn og Fjordane, vil kunne styrke dei etablerte miljøa, og gjere dei mindre sårbare for endringar.

Geografi er ikkje eit eige kriterium når kunstfaglege vurderingar vert gjort. Det er likevel ikkje til å komme forbi at geografisk plassering også gjer noko med perspektiv. Korleis du ser og forstår verda rundt deg, og det som skjer, avheng av kvar du sjølv står – også geografisk. Å legge til eit geografisk perspektiv, gir meir variasjon og større mangfald – også på scenekunstfeltet, variasjon og mangfald på høgt kunstnerisk nivå, jf Sogn og Fjordane teater sin målretta satsing gjennom mange år på ny nynorsk dramatik med utgangspunkt i den vestnorske kulturen.

Det er ein utfordring og økonomisk krevjande å turnere i større, gravgrendte distrikt med komplisert geografi. Det er viktig med ordningar som kan kompensere for denne turneverksemda slik at vi får ein utjamnande effekt for tilbodet om scenekunst også i distrikta.

Eit avgrensa publikum, få eigna lokalar for scenekunst, geografi og reiseavstandar kan føre til at ny norsk dramatik blir sett opp eit mykje avgrensa tal visingar. Kan eit nasjonalt initiativ for å undersøke nye måtar å distribuere t.d. gjennom digitale plattformer vere ein måte å auke publikumsgrunnlaget til framsyningar?

Institusjonane og arrangørane må gjere avvegingar mellom kunstnarisk kvalitet og publikumssuksess. Å ta kunstnarisk risiko ved å tilby smale framsyningar utan stort publikumspotensiale bør vere mogleg. Det bør vere ein nasjonal oppgåve å støtte oppsettingar med avgrensa publikumspotensiale.

Scenekunsttilbod til born og unge er ofte avgrensa og retta inn mot tradisjonelle framsyningar der ein veit at ein sel fulle hus. Også tilbod i DKS frå institusjonsteatera er avgrensa.

Kva tiltak må til for å løyse desse utfordringane?

Det må etablerast langsiktige og føreseielege rammevilkår for aktørane i feltet, t.d. gjennom samarbeidsavtalar. Ei tydeleg og avklara ansvarsdeling mellom forvaltningsnivå og mellom institusjonar må komme raskt.

Tilfang av tilskot som har utjamnande effekt, t.d. kompensasjon for auka kostnad med å turnere i gravgrendte område vil lette situasjonen for dei som faktisk bidreg til turneaktivitet. Også auka samhandling mellom forvaltningsnivå og samarbeid mellom institusjonane og det frie feltet kan bidra positivt her.

Det må også stimulerast til vising av ny og utfordrande dramatik for barn og unge, og stimulere publikum til også å oppsøke meir ukjent scenekunst for born og unge.

Korleis ønsker du at scenekunstfeltet skal sjå ut om 5-10 år?

Vi ser føre oss at det framleis er god tilgang på profesjonell scenekunst i heile landet. Det vert produsert god scenekunst som i dag, ordningane for å få distribuert tilbodet rundt i landet er forsterka og ein når eit enda større publikum enn i dag. Det er ein avklara nasjonal infrastruktur med styrka satsing på scenekunsttilbod i heile landet gjennom turneverksemd og nasjonale institusjonar utanfor Oslo, med sterke regionale scenekunstinstitusjonar.

Det er eit variert tilfang av nye sceneproduksjonar på nynorsk, og arbeidet med nynorsk dramatikk, ikkje minst for barn og unge, er styrka.

Regionane har eit tilfang på frie scener som programmerer og produserer god scenekunst. Det er etablert solid kompetanse på scenekunst i dei nye fylka (fagutval, regionteater, festivalar, høgskular, mfl.). Den kulturelle skulesekken i fylket og kommunane er styrka gjennom auka tilskot gjennom spelemiddelordninga. Det er meirbruk av scenekunst der DKS-turnear systematisk vert brukt av andre t.d. institusjonsbesøk og opne framsyningar på kveldstid. Det er tett kontakt mellom fylka og eit sentralt fagmiljø a la Norsk scenekunstbruk.

Varierte ordningar gjer det mogleg for aktørar i det frie feltet å livnære seg innan scenekunstfeltet også utanfor Oslo. Strukturen rundt Riksteateret er endra. Riksteateret er lagt ned og midlane lagt over til regionale strukturar som styrking av regionale scenekunstinstitusjonar, eller til fordeling t.d. via regionale fond. Alternativt er Riksteateret lagt om og er blitt eit programmerande teater eller ein rein turneorganisasjon som turnerer framsyningar laga av scenekunstinstitusjonane og det frie feltet. Dette kan løyse utfordringa med få visningar av ny norsk dramatikk, og større rom for regionale samarbeid.

Det går føre seg ein open og god offentleg samfunnsdebatt med utgangspunkt i norsk dramatikk.